

Årsplan 2024-2025

Huldal Barnehage



Det skal vere stort å vere liten i
Huldal barnehage 

LØVELOVA

Kan du løvelova?
Eg skal vere meg,
men gi plass til andre, slik at
dei vert seg,
Bry meg om dei andre, hjelpe
når eg kan.
Slik vert livet betre for barn i alle
land!

Ser du ein som plagast?
Det er ikkje bra!
Alle må stå saman om å sei ifrå!
Alle barn på jorda har den same
rett,
til å vere trygge og til å vere sett.



Innholdsliste

Side- tal:	Innhold:
1.	Framsida
2.	Løvelova
3.	Innholdsliste
4.	Styrande organ 2023-2024
5.	Kjære foreldre og tilsette i Huldal barnehage
6.	Personalet i Huldal barnehage
7-9	Satsingsområde lokal rammeplan
10-11	Trygt og godt barnehagemiljø
12	Rammeplanen og barnehagelova – Nye viktige punkt
13	"Vere saman" i barnehagen vår
14	Årshjul
15-17	Vi på Armkroken
18-21	Vi på Hjerterommet
22	Relasjonsarbeid
23-25	Rammeplan og fagområda på begge avdelingar
26	Bakside

I tillegg til årsplan, viser vi til vår verksemdsplan for åra 2020-24

Styrande organ 2024-2025

Kontaktinformasjon:

Styrar/Dagleg leiar : Renate Sævik Paulsen

Telefon Huldal barnehage: : 700 89609

E-post: post@huldal-barnehage.no

Dagleg leiar: 464 23 628

Armkroken: 955 57 418

Hjerteromet: 955 57 419

Eigarstyret

Ludvig Sandstrøm - Styreleiar

Lasse Aurvåg lid Kvalsund - Styremedlem

Karina Helde Kvalsund- Styremedlem

Jonas Frantzen Aklestad - Vara

Eigarstyret har personal- og arbeidsgivaransvar, utarbeiding og godkjenning av budsjett, innstille til opptak av barn og å sjå til at barnehagen vert driven i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtekter.

Dugnadsstyret

Sverre Ytrebø

Dagfinn Kvalsund

Dugnadsstyret skal vere rådgjevande og støttande i arbeidet med å førebu og gjennomføre dugnadsarbeidet i barnehagen.

Samarbeidsutvalet

Eigar: styreleiar

Personal: Renate S. Paulsen og Mia Vike

Foreldra: Aage Espeseth og Oda Katrin Øksnøy Grønnevik

Vara: Jim Kjellstadli

S.U skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordna organ. Her sit representantar frå eigar, personal og foreldra. S.U har rett til å uttale seg i saker som er viktige for barnehagen sitt innhald, verksemda og forholdet til brukarane (barn og foreldre).

Kjære foreldre og tilsette i Huldal barnehage

Eit barn som opplever seg sett og høyrte, med gode auger og lyttande øyrer, av sine nære, varme og grensesettande vaksne, får styrka sjølvkjensla si og kjenner seg trygg. Barnet blir sett i stand til å knyte seg til andre. Vi som er vaksne rundt barnet har ansvaret for å sjå barnet, spegle det og byggje gode relasjonar.

Å høyre til og vere ein del av fellesskapet er viktig for alle, både små og store. Vi vaksne må vere gode rollemodellar i å inkludere, det vere seg i leik og aktivitet i barnehagen, til bursdagsinvitasjonar og besøk med kvarandre.

Definisjonen på mobbing i barnehagen er: «*Handlingar frå vaksne og/eller andre barn som krenkjer barnet si oppleving av å høyre til og vere ein betydningsfull person for fellesskapet*» (Ingrid Lund).

Å sikre at alle barn i Huldal barnehage føler seg som ein betydningsfull person i fellesskapet – er den viktigaste jobben framover for oss alle. Vi skal jobbe førebyggjande og hindre at nokon krenkar andre, eller kjenner seg krenka i vår barnehage. Personalet er godt kjent med aktivitetsplikta dei har til å følge godt med, varsle, undersøke, sette inn tiltak og lage skriftlig plan om barn ikkje opplever barnehagemiljøet som trygt og godt.

De som føresette må aldri nøle med å ta kontakt så tidleg som råd, om de kjenner på uro for denne tematikken kring ditt barn. ❤️

**Eg ønsker barn, foreldre og tilsette eit kjekt og lærerikt år,
der alle kjenner seg varmt inkludert, -her i barnehagen vår.**

Klem frå Renate ❤️



Personalet i Huldal barnehage

ARMKROKEN 0- 3 år	HJERTEROMET 3- 6 år
Silje O. Gjelseth – Pedagogisk leiar	Helena Lied Knutsen – Pedagogisk Leiar
Helene A. Nerland – Pedagogisk leiar	Katrine Larsen Drabløs - Pedagog
Kristina Muren – Pedagogisk leiar	Camilla Ingebrigtsen Leine - Pedagog
Tove Ingebrigtsen – Fagarbeidar	Ina Kristin - Pedagog
Jannike Kopperstad - Fagarbeidar	Mia Christin Vike – Fagarbeidar
Kristine Helde – Fagarbeidar	Gintare Kulbyte - Fagarbeider
Styrrar-Renate Sævik Paulsen	
<i>Styrrar, Pedagogisk leiar og Pedagog = utdanna Barnehagelærarar (Minimum bachelorgrad).</i>	
<i>Fagarbeidar = utdanna barne- og ungdomsarbeidar (fagbrev).</i>	



Satsingsområda i den kommunale rammeplanen for Herøy i 2024-2025

I tillegg til den nasjonale rammeplanen, skal vi også følge den lokale rammeplanen for barnehagane i Herøy kommune. Denne er eit støtteredskap for oss i utarbeiding av planar. Den sikrar variasjon og progresjon i innhaldet i barnehagen, og at alle barnehagane i Herøy arbeidar med same fokusområde over ei periode. Dei siste fire åra har hovudfokuset vore på Språk og språkutvikling. Vi har gjennom REKOMP kompetanseutvikling arbeida med både lesing og nynorske bøker gjennom Språkløyper, samt dei siste to åra med ASK – Alternativ Supplerande kommunikasjon.

I 2024-2025 kjem det ein ny lokal rammeplan, der hovudfokuset i Herøybarnehagen no vil være det svært viktige temaet «Livsmeistring» som det viktigaste temaet.

I rammeplanen under «Livsmeistring og helse» står det at:

«Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler.»

(Rammeplan for barnehager, KD, 2017, s. 11)

For å verkeleg gripe tak i dette viktige temaet, har vi valt at vi i 2024-2025 skal jobbe meir aktivt med «Være sammen» igjen. Dette er svært kjent for oss, då vi har arbeida med det i mange år i barnehagen, og barna i Huldal kjenner godt til «Løvelova».



Vi kjem til å ha «Være sammen» som hovudtemaet vårt både på Armkroken og Hjerteromet i 2024-2025. Dette vil gi oss ei fin oppfrisking i Være Sammen, og vi ser på Være sammen som eit fantastisk verktøy å bruke med barn i høve samspelskompetanse og livsmeistring.



Satsingsområde: Livsmeistring forts.

Vi vil omfavne «Livsmeistringsomgrepet» gjennom «Være saman» ved å:

- ▶ Arbeide aktivt med Være saman «pakken» med barna, som inneber blant anna bøker, bamsar, plansjar, musikk og anna materiell.
- ▶ Arbeide aktivt med vaksenrolla i høve Være saman tematikken og friske opp kunnskapen vår om dei fire vaksenstilane med hovudfokus på den Autoritative vaksenstilen. Arbeide aktivt med relasjonskompetanse og «Banking time».
- ▶ Forsette implementering av «Livetogsånn» materiell med same tematikk som være saman, for å få variasjon i arbeidet og friskt påfyll. Det fins både materiell til personalgruppa og barnegruppa å vi vil nytte begge.
- ▶ Arbeide aktivt med tematikken både på Hjerteromet og Armkroken som gir ein raud tråd i heile barnehagen og eit fellesskap.
- ▶ Felles kor på Hjerteromet / Armkroken for å sikre fellesskapskjensle gjennom året.
- ▶ Ha fokus på meistring i daglege gjeremål å sørge for at barna får nok tid til å meistre (td. påkledning, toalett, måltid, samlingsstund osv).

«Eg skal være meg - men gi plass til andre slik at dei kan være seg!» (Regnbueløva)



Språkutvikling i barnehagen

Slik arbeidar vi med språk i Huldal Barnehage:

- ▶ Skape felles opplevingar gjennom t.d.: Samlingsstund, lese bøker, rolleleik/dramaleik, syngje og høyre på musikk, leike med ord/vits/gåter, samtale med barna gjennom dagen.
- ▶ Bruke pedagogiske verktoy og språkverktoy vi har i barnehagen.
- ▶ Nytte ASK symbolstøtte gjennom dagtavler og tematavler.
- ▶ Setje ord på alt vi gjer, og undre oss over opplevingar vi har ilag.
- ▶ Gi barna nok tid, lytte og gi respons.
- ▶ Støtte at fleirspråklege barn bruker morsmålet sitt, samtidig som dei lærer norsk.
- ▶ Være bevisst på at morsmål er svært viktig for oppleving av eigen identitet og eit godt utvikla andrespråk.
- ▶ Bevisstgjering på korleis vi gir respons, nyttar kroppsspråk, talespråk og tekst/symbol.
- ▶ Legge til rette for leik/fellesskap ut i frå barna sine interesser.
- ▶ Organisere faste språkgrupper / lesegrupper.
- ▶ Ha bokstavar, tekst og tal synleg på avdelingane.
- ▶ Ha bøker tilgjengeleg på avdelingane.
- ▶ Arbeide med temaarbeid over tid.
- ▶ Sikre ein god overgong frå barnehage- skule. Vi arbeidar systematisk med dette siste året i barnehagen gjennom skuleforberedande aktivitetar og «Russeklubb». Vi arbeider fast kvar veke med blant anna «Trampoline», eit aktivitetshfte for 5-åringane utarbeida ut i frå Rammeplanen. Her er det mykje læring, undring og refleksjon, språkstimulering og omgrepsforståing. Hftet er inndelt i tema: meg og deg, mønster, former, måling, tal, plassering, sortering, stavingar, rim, symbol og bokstavar.



Slik vil vi sørge for eit trygt og godt barnehagemiljø i Huldal Barnehage

Eit trygt og godt barnehagemiljø vil seie at alle barn skal få ein trygg og god barnehagekvardag. Vi har eit ansvar for å fylgje med på korleis alle barna har det, og vi har ei plikt til å gripe inn om eit barn ikkje har det bra hjå oss. Vi i barnehagen vil møte alle barn med tillit, respekt, livsmeistring og anerkjenning. Det skal vere ein stad som bidreg til trivsel og glede i leik og læring, samtidig som det skal vere trygt og gi utfordringar, og legge føringar for eit rikt fellesskap og vennskap.

Primærkontakt og oppfølging:

Det er svært viktig at vi i personalet ser og observerar kvart enkelt barn, for å sikre barnets oppfølging. For å sikre dette, arbeidar vi aktivt med observasjon og kartlegging i kvardagen og på personalmøter. Kvart barn har si eiga primærkontakt. Primærkontakta er ein av pedagogane. Den har ansvar for ekstra oppfølging i høve foreldre-samtaler, generell observasjon av utvikling/samspel, TRAS-kartlegging+ evt «Alle med» kartlegging, fireårsskjema, overgangsskjema skule, søknadar til PPT osv. Før foreldremøter nyttar vi tida på personalmøter til gjennomgang av kvar enkelt barn. Dette for å kvalitetssikre viktige innspel og observasjonar frå fagarbeidarar og andre pedagogar. Vi arbeider også med kartlegging av barns relasjonar, både til vaksne og andre barn. Det er svært viktig for oss å få kartlegge barnas relasjonsmønster for å sikre inkludering og eit trygt barnehagemiljø.

Relasjonar:

Vi i personalet har ei viktig rolle i å gjere vårt beste i møte med kvart enkelt barn kvar einaste dag. Barna skal kjenne at vi vaksne i barnehagen verkeleg bryr oss om kva dei tenkjer, alt dei lurar på og kva dei kanskje ynskjer å lære meir om. Vi skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom, slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar, knytte seg til personalet og til andre barn. Vi er opptekne av at barna skal få kjenne på medverknad. Det handlar om at vi i personalet fangar opp innspela deira, og at dei kan bistå til aktivitetar og leikemiljø utifrå dette.



Autoritativ vaksen

Den autoritative vaksenstilen er den varme, men grensesetjande vaksenstilen. Denne vaksenstilen viser seg i forskinga å være svært god for barn, både no men og etter kvart som dei veks opp å blir ungdom og vaksne. Dei opplev då vaksne som har tydelege krav og forventningar til dei – men som gir det med varme og ein trygg relasjon. Berre ved å ha ein god relasjon, er det positivt for barn med grenser. Hadde vi i barnehagen *berre* vore opptekne av grensesetjing, hadde det ikkje vore ein spesielt god stad å være. For å kunne setje grenser, må ein være trygg på kvarandre og ha den gode relasjonen på plass! Å være ein trygg vaksen som set rammene for dagen til barna, er tryggande og opplevast faktisk som omsorg for barn. Vi ser at når barna har tydelege rammer, å veit at det er dei vaksne som set desse rammene, brukar dei mindre tid på argumentasjon eller grensetesting, og meir tid på lek og positive opplevingar. som gir livsmeistring.

Inkludering og mangfald

For oss i personalet er inkludering og mangfald to sterke omgrep. For oss tyder det at å auke barnet si deltaking i barnegruppa, samt å reelt kunne påverke fellesskapet uansett etnisk bakgrunn og funksjonalitet. Det å inkludere kvarandre - barn og vaksne i fellesskapen i barnehagen er noko av det viktigaste vi jobbar med. Å akseptere at vi alle er ulike er viktig. Vi må lære barna å stå fram som gode eksempel. Det er plass til ALLE! Det er bra at vi er ulike. («Kan du Løvelova? Eg skal være meg – men gi plass til andre slik at dei vert seg»). Dette gir også eit godt utgangspunkt for gode vennskap barna imellom, og det å høyre til. Å høyre til er essensielt og grunnleggande, for alt det andre vi held på med i barnehagen.

Alle skal få kjenne på den gode kjensla som kjem når en blir sett, ivaretatt og kjenner seg VIKTIG.



Rammeplanen og barnehagelova: nye, viktige perspektiv i forhold til mobbing og utestenging.

Rammeplanen er vårt viktigaste styringsdokument i barnehagen

- De kan lese heile rammeplanen på www.udir.no/rammeplan

Ein «ny» og svært viktig paragraf i barnehagelova som handlar om mobbing og utestenging i barnehagen trådte i kraft frå 1. januar 2021. §41 legg vekt på at barnehagen skal arbeide førebyggjande med eit trygt og godt barnehagemiljø ved å følge opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkelsar og uheldige samspelsmønster i barnegruppene. Plikta til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø er heimla i §42 og er knytt til aktivitetsplikta til heile personalet.

Rammeplanen har allereie implementert noko av lova og gjeld for oss her og no :

«Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp.» (Rammeplan for barnehagen, s. 11)

Nokre eksempel på korleis vi arbeider med dette i Huldal barnehage:

- Å lære å reflektere over «Løvelova» og kva den betyr for oss.
- Å arbeide i små grupper der vaksne er tett på barna.
- Å snakke om viktigheita av å inkludere kvarandre, samt øve på empati.
- Ordninga med Vennevakt og vennebenk (Hjerteromet).
- Arbeide med at barna skal oppleve meistring i ulike situasjonar ved å heie på dei, rose dei når dei klarar noko dei har øvd på.
- Løfte fram barn som inkluderar – setje ord på det!
- Stoppe situasjonar vi ser er negative for andre barn, snakke/reflektere over det med barna.
- Observere barn og informere foreldre om noko ikkje er bra.



"VERE SAMAN" i barnehagen vår

Armkroken 1-3 år

- Vi brukar temabøkene som idebank til samlingsstunder.
- Bruke musikken aktivt i kvardagen.
- Høyre på løvelova og syng den ofte
- Verte kjent med regnbueløva og rotta Ramona og barna hennar
- Dei vaksne må gje positiv tilbakemelding når nokon gjer noko bra for andre.
- Bruke rollespel og leik.



Hjerteromet 3-6 ÅR

- Fortelje «Regnbueløvens fantastiske brøl», vektlegge grunnhistoria og kjenslene, snakke om teikningane i boka og fargar.
- Bruke Regnbueløva som samtaleverktøy.
- Vere kjent med Regnbueløva og bruke den i daglege situasjonar.
- Jobbe med Løvelova og knytte den opp mot daglege situasjonar, og kunne fortelje kvifor Løvelova er bra for alle.
- Kjenne, og etter kvart lære songane i «Være Sammen».
- Øve oss på å gje positive tilbakemeldingar når nokon gjer noko bra, bry oss om, kunne uttrykke det.
- Bruke rollespel og leik.
- Bruke temabøker og Løva i samling og når det oppstår situasjonar – knytte det opp mot faktiske hendingar i barnegruppa.
- Gje positiv tilbakemelding uoppfordra når nokon gjer noko bra.
- Øve på å gje ros og ta imot ros, positiv perspektivtaking.

Felles på Armkroken og Hjerteromet:

- Vi har felleskor ein gong i veka der vi syng ilag og øvar på ulike songar frå mellom anna "Vere saman".
- Dei vaksne må ha eit bevisst forhold til relasjonsbygging og tilknytningsteori.
- Personalet må vere gode rollemodellar på relasjonskompetanse.
- Det må nyttast metoder der barna sjølve vert aktiviserte i høve si eiga læring. Metodane må fenge barna og gi dei inspirasjon til å ta eit utviklingskritt.

ÅRSHJUL

- Julemarkering
- Adventsfest
- Nasjonaldag Thailand

- Farsdag
- Foreldresamtaler
- Nasjonaldag Polen

- Nasjonaldagar:
Samane
Serbia
Litauen
Kosovo
- Morsdag
- Karneval

- Barnehagedagen
11.mars
- Solfest
- Planleggingsdag
14.mars
- Rockesokk 21.mars

- Påske

- Russefeiring
- Planleggingsdag
2.mai
- 17.mai
- Planleggingsdag
30.mai


- Sommarfest
- Nasjonaldag Sverige
- Jonsokfeiring

- Ferieavvikling

- Planleggingsdag 5.august
- Tilvenning

- Brannvernveke 38
- Foreldremøte

- Nasjonaldag Spania
- Planleggingsdag 18.okt
- Nasjonaldag Uganda



Tema på begge avdelingane: Være sammen

*Korleis ynskjer vi å vere mot kvarandre?
Korleis reagere når ein får eit nei, om ein vil ha eit ja?
Korleis er det greit å behandle venane sine?
Kva gjer ein om ein ser ein som står utanfor?
Kva kan eg gjere mot andre som er bra?
Korleis er eg ein god ven?
Korleis kan eg være snill - mot meg sjølv?*



Desse og mange fleire spørsmål undrar vi oss ofte over i lag med barna, og det er nettopp dette "Være Saman" handlar om.

Vi ynskjer at barna skal lære seg å reflektere, å "sjå seg sjølve utanfrå". Vi ynskjer at barna skal utvikle empatien sin, og å kunne gå inn i andres kjensler.

"Eg skal være meg, og du skal være deg"



Korleis være ein god vaksen for barn?

Rammeplanen seier:

«Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler.» (2017, s.11)

Men.... Korleis greier vi dette?

Jo. Vi snakkar mykje om å være ein autoritativ vaksen, og at dette viser seg i forskning, og gjennom vår erfaring, at dette er best for barn. Men kva inneber det å være ein autoritativ vaksen som er varm OG grensesetjande?

Her kjem nokre konkrete eksempel på korleis vi kan være Autoritative vaksne, både i barnehagen og heime:

- Bruk tid på relasjonen, ref. "banking time".
- Legg vekk telefon og skjerm saman med barn. Gjer noko skjermfritt saman kvar dag: leik ilag, gå ein tur, spel eit spel, les ei bok, snakk om dagen.
- Det er vaksne som set rammene for barn, ikkje omvendt.
- Har du sagt nei, så må du stå i det "neiet". uansett om det er vanskeleg. Tenk deg heller om på forhånd korleis du kan greie å stå i situasjonen.
- Ikkje vær redd for store følelsar. Det er ikkje farleg, og er ein del av utviklinga.
- Forbereding er eit fantastisk reiskap. "I dag skal vi ikkje ha godteri på butikken, og det hjelp ikkje å grine. Om du grin etter godteri, må vi gå ut av butikken."
- Anerkjenn alltid barnet. Du kan bekrefte å sjå barnet, utan å gi etter.
- La barnet bestemme å kjenne på autonomi ut i frå alder og utvikling. Dette er svært viktig. Med små barn kan det være nok å gi to valg - feks kva slags klede dei vil ha på seg.
- Unngå forhandlingar. Barn i dag er ekspertar på forhandling. Fordi dei ofte får lov å forhandle.
- Barnet blir betre rusta til å kjenne på motgang, om dei av og til må kienne på eit nei å vente på tur, å dele osv.
- Sjekk livetogsann.no for gode video-ressursar!

Rammeplanens fagområder på begge avdelingane



Kommunikasjon, språk og tekst (s. 48, Rammeplan, 2017)

”Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna: uttrykkjer kjensler, tankar, meiningar og erfaringar på ulike måtar, bruker språk til å skape relasjonar og delta i leik, og som reiskap til å løyse konflikhtar”

I barnehagekvardagen nyttar vi ulike metoder som fremjer språk og samtale; boklesing, samtale og undring, musikk og benevning. Vi har som mål at samlingane nettopp skal være eit verktøy for barna som kan støtte i å bli betre på relasjonsbygging, utvikle empati og meistre konfliktløysing.

Kropp, rørsle, mat og helse (s. 49, Rammeplan, 2017)

”Gjennom arbeid med kropp, rørsle, mat og helse skal barnehagen bidra til at barna opplever trivsel, glede og meistring ved allsidige rørsleerfaringar, inne og ute, året rundt. Blir trygge på eigen kropp, får ei positiv oppfatning av seg sjølve og blir kjende med sine egne kjensler ”

Vi ynskjer å gi barna positive erfaringar både når det gjeld uteleik og rørsleerfaringar både inne på Gymloftet/avdeling og ute. Vi legg til rette for ein variert kvardag der barna får utfolde seg fysisk. Vi nyttar aktivt begge uteområda for å stimulere ulik type fysisk aktivitet og leik.

Å få ei positiv oppfatning av seg sjølve og sine egne kjensler ser vi på som viktig, og vektlegg dette i arbeidet med Være Sammen og ved at vi jobbar med tema Venenskap og Følelsar gjennom året og i kvardagssituasjonar ute og inne.

Kunst, kultur og kreativitet (s. 50, rammeplan, 2017)

”Barna skal støttast i å vere aktive og skape eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk. Barnehagen skal leggje til rette for samhøyrslø og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk.”

Gjennom året arbeider vi med kunst, kultur og kreativitet på ulike måtar. Vi nyttar ulike metoder for å arbeide kreativt; maling, teikning, formingsaktivitetar både inne og ute, samlingsstunder med musikk, dikt/rim og regler. Elles let vi barna utfolde seg kreativt ut i frå eigen inspirasjon i tillegg til dei tradisjonelle kunstprosjekta gjennom året, som for eksempel rundt høgtidene.

Natur, miljø og teknikk (s. 52, Rammeplanen, 2017)

”Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for lek og læring” .. I tillegg står det at barna skal: ”Få kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lærer av naturen og utviklar respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen”

Vi ynskjer å gi barna ei grunnleggjande forståing av viktigheita av å ta vare på naturen vår. Gjennom til dømes arbeid med gjenbruk, sortering av søppel og å bli bevisste på forsøpling av naturen. Her kan vi også jobbe med empati som kjensle; empati for dyr og dei som lev i naturen.



Mengd, rom og form (s. 53, Rammeplan, 2017)

Barna skal få: ”erfarer og samanliknar storleikar i omgivnadene. Bruker kroppen og sansane for å utvikle romforståing. Undersøker og kjenner igjen eigenskapar ved former og sorterer dei på forskjellige måtar”

Vi ynskjer å bruke benevning og naturlege situasjonar i kvardagen for å gjere barna kjende med mengd, rom og form. Vi bruker benevning av former og telling aktivt og naturleg i ulike kvardagssituasjonar og i samlingane våre.

Etikk, religion og filosofi (s. 54, Rammeplan, 2017)

Det står i rammeplanen at barnehagen skal bidra til at vi skal ”bidra til å utvikle barnas toleranse, interesse og respekt for kvarandre og for menneske med ulik kulturell, religiøs eller livssynsmessig tilhøyrse”.

Vi ser på mangfold som viktig i ei barnegruppe – og jobbar tett opp mot mangfald i arbeidet med Være Sammen der ein av hovudbodskapa er å la barna være seg sjøve – men samstundes gi plass til andre! Alle barn er unike – og vi ser på det som viktig å la barn forstå at alle barn er like viktige som dei sjøve. Vi vektlegg at det er bra å være forskjellige, og utvikle ei respekt for kvarandre.

Nærmiljø og samfunn (s.55, Rammeplan, 2017)

”Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda. Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhøyrse til nærmiljøet.”

Vi ynskjer å la barna bli kjende med vårt nærmiljø. Vi har sentrum med alle dets fasilitetar i nær avstand, og går ofte på tur dit. Vi nyttar nærmiljøet vårt aktivt med barna, og spesielt gjennom å gå på turar.



Vi på Armkroken

- ▶ Armkroken ligg i 1.etasje og her møter du dei yngste barna i barnehagen i alder 0-3 år. På avdelinga har vi 16 barn frå september, og på nyåret er barnegruppa på 19 barn. Når alle har starta vil det vere 8 barn født i 2022, 8 barn født i 2023 og 3 barn født i 2024 i barnegruppa vår.
- ▶ Tryggleik, omsorg og tilknytning er ein viktig føresetnad for å trivast, og for å danne gode relasjonar og vennskap, samt for vidare utvikling og læring. Er relasjonen mellom barn og voksne god, er barnet meir mottakeleg for både støtte, veiledning og grenser.
- ▶ På Armkroken har vi mange faste rutiner. Rutinene er med på å skape forutsigbare dagar for barna og er med på å gi barna gode og trygge dagar. I alderen 0-3 år, er det ekstra viktig å "bade" barna i språk! Vi i personalet må vere gode spåkmodellar å benevne det vi gjer og skal gjere til ein kvar tid. Ved å førebu barna på kva som skal skje vil det kunne gi rom for at barna kan kome med innspel, ynskjer og medverke i sin barnehagekvardag. Det er viktig at barna får varierte erfaringar med språk gjennom samtale, bøker, songar og rim og regler. Barna samlar på mykje ord og omgrep, som dei etterkvart vil nytte når dei tek i bruk verbalspråket sitt.
- ▶ På Armkroken vil vi at alle barna skal bli møtt på ein god måte, ut ifrå alder, nivå, interesse og behov. Dette får vi til gjennom å vere eit påkopl personale som er tilstades, lyttar og er vare for barna sine signal. Utviklinga til barna går veldig fort i denne alderen, vi synast det er viktig å legge tilrette for at barna får god tid i dei ulike kvardagssituasjonane vi møter på gjennom dagen. God tid er eit verktøy som kan vere med på å gi barna høve til å prøve ut sjølve og gi dei kjensla av meistring.
- ▶ Tema vi skal arbeide med dette barnehageåret er: Vere saman, Livet og sånn, nynorske barnebøker, ulike farga, årstider, høgtider, dei ulike nasjonalitetar og land vi har representert på avdelinga og dei tilhøyrande merkedagane.

Vi gler oss over eit spanande og innhaldsrikt år i lag på Armkroken og er audmjuke over at det er vi som får vere i lag med barna dykkar i kvardagen!



Dagsrytma på Armkroken

AKTIVITET	KLOKKA
Barnehagen opnar	07 00 (ved behov 06 45)
Frukostmåltid	Fram til kl.8 30
Frileik, aktivitet, delte grupper ute/inne, trilleturar	8 30 -10 30
Bleieskift/toalett/handvask	10 30 – 10 40
Samlingsstund	10 45 – 11 00
Lunsjmåltid	11 00
Sovetid, kvilestund, frileik på avdelinga/gymloftet	11 30-ca 14 00
Bleieskift/toalett/handvask	13 45
Måltid/frukt	14 00
Leik ute/inne	14 30
Barnehagen stenger	17 00



Vi på Hjerteromet



Avdelinga Hjerteromet ligg i andre etasje i barnehagen. Vi har 24 born på avdelinga vår i alderen 3-6. I år har vi tre kull på avdelinga. Vi er seks rosarussar, ni 4-åringar og ni 3-åringar.

Vi har nokre dagar med aldersblanda grupper (Gul og Grøn gruppe) samt andre dagar med alderstilpassa grupper, når det td. er Russeklubb/bading osv.

- ▶ Russane har “Russedag” mandag med klubb + korps. og russebading ca annakvar onsdag,
- ▶ Morgonmøte: Kvar morgon før deling. Inneheld opprop, morgonsong og forbereding på dagen.
- ▶ Samlingsstund: Kvar dag før lunsj. Her brukar vi samlingskassa vår, som vi arbeidar med i ca 1 mnd av gangen. Den inneheld då bøker og songar tilpassa gruppa, som barna då får dykke djupt i å bli godt kjende med. Repetisjon er svært barnas læring.
- ▶ Torsdagane har vi Kor saman med Armkroken.
- ▶ I år er det Være Saman som er hovudtemaet vårt

Vi er mykje ute og vil at borna skal verte glade i å vere ute i naturen i all slags vêt og til alle årstider. Ein føresetnad for å trivast ute er å ha klede og sko som er tilpassa årstidene. Då er det viktig med eit godt samarbeid med foreldra, slik at borna kan ha ein best mogleg dag i barnehagen. Vi har ikkje kapasitet til å ha oversikt over 24 barn sitt utstyr, og dette er dokka sin jobb. Samt å merke alt som skal i barnehagen.

Vi ynskjer å gi barna ei positiv innstilling til utetid og uteleik - og det starta med oss vaksne og haldningane våra til vær og vind. Har barn rett utstyr til rett tid, er det inga hindring å være mykje ute heile året. Ingen trivs ute om dei frys!

“Det fins ikkje dårleg vær, berre dårleg(e) (tilpassa) klær”



Dagsrytme og vekerytme på Hjerteromet

Klokkeslett	Aktivitet
07.30-08.30	Frukost
09.30-10.45	Morgonmøte etterfulgt av deling i grupper
	Gruppedeling, for eksempel: - Ute/inne - Grøn og Gul gruppe - Russeklubb (korps, bading, Trampolineboka o.l.) - Formingsaktiviteter - Lese-og språkgrupper
10.45-11.00	Ryddetid
11.00-11.15	Samling
11.15	Lunsj
11.45	Uteleik
14.00	Fruktmåltid
14.30 - Hentetid	Uteleik/inneleik

Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Frukost	Frukost	Frukost	Frukost	Frukost
Delte grupper	Delte grupper	Delte grupper	Delte grupper	Delte grupper
Russekorps		Førskulebading (ca. annakvar veke)	Kor	Evt. Tur
Russeklubb				



Russeklubb



Og endeleg få vere rosaruss er stor stas for barna, og dette er noko dei gler seg til! I år er vi 6 kjekke rosarussar. Det vert Katrine og Ina Kristin som har ansvar for russeklubb i år, og byttar på å halde klubben annakvar veke. Vi samlast på mandagar og jobbar i Trampolineboka. Mandagar har vi også korps. Vi skal jobbe med "Meg sjølv" der vi skal verte kjende med kvarandre, vi skriv namnet vårt, alder, teiknar huset vårt, favorittmat, favorittleike, hårfarge, augefarge etc. Vi skal også innom tema som symbol, former, mønster, bokstavar, tal, sortering, måling, plassering, staving og rim. Vi brukar ei utforskande tilnærming til å forberede skulestart, og vi ser at dette har stor verdi for barna. Vi nyttar blant anna musikk, spele spel, høgtlesing, refleksjon, fysisk aktivitet og utforsking ute i naturen. I tillegg er meistring av daglege oppgåver som dobesøk og påkledning svært viktig dette året, då vi ynskjer å oppfordre til meir sjølvstendigheit fram mot skulestart.

Meistring = livsglede!

Annakvar onsdag er vi på bading. Då vert vi henta av «badebussen" (Bjørlykke Transport) kl. 10 og reiser ilag til Sunnmørsbadet. Det blir både planlagde større turar dette året, samt nokre spontane turar. Vi gler oss veldig til dette året, og til alt vi skal utforske og oppleve saman.

I år vert det jobba med å på å lage ein fellesplan for alle førsskulegruppene i alle barnehagane i Herøy kommune. Det er ein pedagog frå kvar barnehage som er valt ut for å sitte i plangruppa. Målet å skape eit likt grunnlag før skulestart for det enkelte barn, uansett barnehage.

"I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meningsfull samhandling. Nysgjerrigheit, kreativitet, og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane. Barna skal få undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt"
Rammeplan for barnehagen s. 22)





**Takk for at de har valt Huldal barnehage
som dykkar barnehage!**



Vi i personalet er takksame for å ha ei slik flott foreldregruppe å samarbeide med!

Vi i personalgruppa vil gjere vårt ytterste for at barna, foreldra og personalet skal ha det bra saman.

Hugs å ta kontakt med oss om det skulle vere noko de treng å prate om.

**Vi gleder oss til eit nytt år
-saman med dykk alle!**

